

Livslang læring
Fleksibel utdanning i HVL 2022-23

Ingvild Brekke Myhre



© Ingvild Brekke Myhre

Avdeling for samfunnskontakt – arbeidsliv og livslang læring

Fagansvarleg livslang læring

Høgskulen på Vestlandet

2022

HVL-notat frå Høgskulen på Vestlandet nr. 3

ISSN 2703-710X

ISBN 978-82-93677-81-9



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Samandrag

Dette notatet gir ei samla oversikt over fleksible studietilbod ved Høgskulen på Vestlandet studieåret 2022. I arbeidet med notatet har det blitt reist nokre problemstillingar og utfordringar som ein har forsøkt å svara ut eller opplysa for å ha eit betre kunnskapsgrunnlag. HVL har som ambisjon å vera den føretrekte samarbeidspartnaren og ha ei kraftfull satsing på livslang læring. Siste året har HVL gjort organisatoriske grep for å setja livslang læring på dagsorden, og livslang læring blir etterspurt som styrande prinsipp når det kjem til prioriteringar i framtidig utdanningsportefølje.

I notatet er det bruk god plass til å definera og forklare korleis me kan forstå omgrep som livslang læring, fleksibel utdanning, desentralisert utdanning og nettbasert utdanning. For HVL er sterke fagmiljø ved dei fire fakulteta knytt til fem campusar grunnstamma for utviklinga av studietilboda. Denne våren har studiesenter komme høgt på den politiske dagsorden og me gir i notatet nokre døme på korleis studiesenter kan vera utfyllande til HVL si fleircampusorganisering. For framtida vil det vera viktig å finne både berekraftige og varige løysingar for å gi både arbeidslivet og enkeltmenneske tilgang på relevant kompetanse uavhengig geografi og livssituasjon.

I oversikten over fleksible studietilbod ved HVL kjem det fram at det er liten variasjon frå inneverande studieår til studieåret 2022-23. Alle fakulteta har ei rekkje studietilbod som har ei fleksibel organisering, i tillegg til at det er gjort ulike grep ved fleire av studietilboda som er organisert med undervisning på fulltid på ein av campusane for å svare på studentar sitt behov for fleksibilitet og tilrettelegging av studiekvardanen. Vidareutdanningar utgjer den største porteføljen av fleksible studietilbod ved HVL, og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett utmerkar seg med ein svært stor portefølje som er knytt til nasjonale oppdrag for å løfte kompetansen til tilsette i barnehage og skule. Alle fakulteta har gradsgivande utdanningar på både bachelor- og masternivå som har ei fleksibel organisering. Sjølv om det er eit stort tal fleksible utdanningar ved HVL, er dei fleste studentane knytt til studietilbod som har undervisning ved ein campus på heiltid. Samla sett ser me at studieporteføljen har ei forsiktig utvikling mot fleire studietilbod som har ei fleksibel organisering. I notatet gjer fakulteta greie for sentrale samarbeidspartnarar og finansieringskjelder knytt til fleksible utdanningar, og på kva område fagmiljøa ser at dei kan utvikle den fleksible studieporteføljen for å svare ut forventningar om livslang læring.

Notatet har lagt lite vekt på utfordringar knytt til finansiering sidan det er fleire utanforliggjande prosessar som ikkje er avklart. Parallelt med utarbeiding av dette saksnotatet har det vore høyring på finansieringsutvalet sin rapport, og det er venta ny forskrift om eigenbetaling. Det er heller ikkje lagt stor vekt på intern arbeidsdeling, roller og ansvar i denne samanheng. Dette er likevel eit område det blir jobba med kontinuerleg og som krev sterk intern merksemd i tida framover.

EMNEORD: kompetansereforma, livslang læring, fleksibel utdanning, desentralisert utdanning, nettbasert utdanning

Innholdsliste

Samandrag	3
Innholdsliste	5
1 Innleiing	7
2 Bakgrunn og forventningar til HVL	8
3 Definere og avgrense livslang læring	9
3.1 Livslang læring i HVL	9
3.2 Fleksibel utdanning ved HVL	9
3.3 Fleircampusstruktur og campusutvikling i møte med utvikling av studiesenter	11
4 HVL sitt samla tilbod av fleksible studium	13
4.1 Status våren 2022	13
4.2 Oversikt over fleksible studietilbod 2022-2023	16
Grunnutdanning - bachelorprogram	16
Masterprogram	17
Vidareutdanningar	17
Fleksibel utdanning i HVL fordelt på campus	19
5 Oppdragsgjevarar, finansieringskjelder og andre samarbeidspartar i arbeidet med å tilby fleksible studietilbod	20
6 HVL sitt arbeid med å svare på forventningar i samfunnet og arbeidslivet knytt til livslang læring	24
6.1 Tverrfakultære studietilbod for framtida	27
7 Rammer for framtidig vekst innan livslang læring	28
7.1 Forskrift, finansiering og retningslinjer	28
7.2 Intern organisering	29
Oppfølging av prosjekt livslang læring i HVL	29
Rekruttering	29
Rammer for livslang læring	30
8 Ordliste – livslang læring	32

1 Innleiing

Dette notatet gir oversikt over fleksible studietilbod ved HVL som er planlagt studieåret 2022-23. Oversikten viser studietilbod som har undervisningsorganisering på deltid på campus (samlingsbasert), fulltidsutdanning på campus som er organisert med få samlingar gjennom året, nettbasert utdanning eller desentralisert utdanning. Her er både gradsutdanningar og etter- og vidareutdanningar. Fleire av studietilboda har kombinasjonar av dei ulike kategoriane. Oversikten gjeld studieprogram og emne som har planlagt aktive studentar studieåret 2022-23. Studietilbod som er organisert på heiltid ved ein av campusane, er ikkje med i denne oversikten.

Notatet gjer innleiingsvis kort greie for forventningar til utdanningsinstitusjonane om å leggja til rette for relevant og etterspurt kompetanse organisert på ein måte som samfunns- og arbeidsliv etterspør. Vidare blir livslang læring og tilgrensande omgrep definert og avgrensa. Både i arbeidet med dette notatet og i tidlegare saksutgreiing ¹ om livslang læring, kjem det fram behov for felles forståing av både omgrep og arbeidsdeling. Ved å setja ord på forståing av ulike omgrep, håpar me på å få gode diskusjonar som kan føre HVL sitt arbeid med livslang læring framover.

Oversikten nemner finansieringskjelder, samarbeidspartnarar og oppdragsgjevarar som HVL samarbeider med for å styrkja arbeidet med livslang læring. Notatet gjer vidare greie for korleis fagmiljøa ser for seg at dei kan utvikle den fleksible studieporteføljen for å svare godt på forventningar om livslang læring.

Notatet dannar grunnlag for diskusjon om på kva område og på kva måte HVL kan styrke seg for å svare ut forventningar om tilgang på relevant kompetanse uavhengig av livssituasjon eller kor ein bur.

Notatet er i hovudsak ført i pennen av fagansvarleg for livslang læring som var ein ny funksjon i Avdeling for samfunnskontakt – arbeidsliv og livslang læring ved inngangen til 2022, men det har vore mange bidragsytarar frå både fakulteta og frå fellestenestene. Prosessen med å arbeide fram eit slikt notat støttar opp om korleis me i HVL må arbeide for å lukkast med målet om å ha ei kraftfull satsing på livslang læring. Deling av informasjon, involvere kvarandre og bidra på tvers av faglege og administrative strukturar.

¹ Styresak 15/21 Prosjekt Livslang læring i HVL – prosjektrapportering og vegen vidare
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/hvl-uninett/Meetings/Details/535469?agendaltemId=207044>

2 Bakgrunn og forventningar til HVL

Kompetanse har siste åra fått god plass i det offentlege ordskifte. Kompetansekartlegging blir gjennomført av ulike bransjar og næringar, både nasjonalt og regionalt. Kompetansebehovet knyter seg både til det å løysa tenestetilbodet offentleg sektor, og å bidra til grøn omstilling og framtidig verdiskaping i næringslivet. Det handlar om utfordringar innan blant anna klima, energi, digitalisering, sentralisering, aldrande befolkning og globale demografiske utfordringar. Det siste har fått ny aktualitet denne våren med krigen i Ukraina.

Aldri før har høgare utdanning vore ein viktigare næringspolitisk verkemiddel, og utdanningssektoren blir møtt med forventningar til verksemda gjennom ei rekkje politiske meldingar og strategiar. Når lokalsamfunn skal utvikla seg må dei ha akademia og utdanningsinstitusjonane med seg. I styresak 68/21, s. 4² vart det gjort grundig greie for nasjonale og institusjonelle rammer som ligg til grunn for utvikling av studieporteføljen. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære hele livet*³ har to sentrale mål. Det første er at ingen skal «gå ut på dato» fordi dei manglar kompetanse. Det andre er å tette gapet mellom kompetansen arbeidslivet treng og kompetansen arbeidstakarane faktisk har. Arbeidslivsrelevansmeldinga Meld. St. 16 (2020-21) *Utdanning for omstilling*⁴ set også søkjelys på at utdanninga skal vera tilgjengeleg uavhengig av livssituasjon eller kor i landet ein bur. Sommaren 2022 la regjeringa fram Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskoler, høyskoler og universiteter⁵ som har med nokre definisjonar og avgrensingar.

I *Tildelingsbrevet for 2022 - Høgskulen på Vestlandet*⁶ er livslang læring høgt på dagsordenen. Livslang læring og fleksible utdanningar er ein sentral del av samfunnsoppdraget, og regjeringa har klare forventningar om at HVL må tenkja nytt om korleis utdanningar blir organisert. Den digitale utviklinga gjer det mogleg å tilby fleire fleksible studietilbod, slik at fleire kan gjennomføre ei utdanning uavhengig av livssituasjon.

At forventningane til oss som utdanningsinstitusjon er udiskutabel, samtidig som endringane i arbeidsmarknaden er stor. Sjølv om kompetanse blir peika på som eit verkemiddel for å finna nye løysingar, så er det eit spørsmål om det finst betalingsvilje og betalingsevne både i verksemdar og hos den enkelte for å dekke kostnaden med å tileigne seg ny kompetanse. I tillegg veks konkurransen med andre aktørar både lokalt, nasjonalt og ikkje minst internasjonalt saman med aukande digitalisering og nye måtar å tilby kompetanse på.

² Styresak 68/21 Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer ved HVL for studieåret 2022/23 <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/hvl-uninett/Meetings/Details/535480?agendaItemId=208411>

³ Meld. St. 14 (2019-2020) Kompetansereformen – Lære hele livet <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20192020/id2698284/>

⁴ Meld. St. 16 (2020–2021) Utdanning for omstilling — Økt arbeidslivsrelevans i høyere utdanning <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20202021/id2838171/>

⁵ Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskoler, høyskoler og universiteter <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/desentralisert-og-fleksibel-utdanning-ved-fagskoler-hoyskoler-og-universiteter/id2861368/>

⁶ Tildelingsbrev for 2022 - Høgskulen på Vestlandet <https://www.regjeringen.no/contentassets/a51ecc138e1c4f85b66c490415771025/statsbudsjettet-2022-tildelingsbev-for-hogskulen-pa-vestlandet.pdf>

3 Definere og avgrense livslang læring

3.1 Livslang læring i HVL

Livslang læring kom høgt på dagsorden i universitetets- og høgskulesektoren då regjeringa la fram Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære heile livet*. Auka fokus på livslang læring stiller krav om ei ny forståing av utdanningsomgrepet. Det blir forventa at utdanning skal vere tilgjengeleg for folk i ulike livssituasjonar, og uavhengig av kvar i landet dei bur.

Livslang læring forstår vi som all organisert læring gjennom livet, formell utdanning så vel som læring gjennom arbeid, kurs, seminar og andre læringsaktiviteter, jf. Meld. St. 16 (2020-21) *Utdanning for omstilling*. Med denne forståinga av livslang læring, famnar me om heile breidda av utdanning som inkluderer grunnutdanningar på bachelor-, masternivå og phd-nivå, årseiningar og enkeltemne, vidareutdanningar og modular, etterutdanning, kompetanseutviklingstiltak og kurs. Når HVL presenterer seg er det med ei stor breidde og mangfald knytt til ulike nivå i utdanningspyramiden med 49 bachelorprogram, 32 masterprogram, 5 ph.d-program og ei lang rekke årseiningar, vidareutdanningar og tilgjengelege enkeltemne. Ei slik brei forståing av omgrepet livslang læring krev eit nytt tankesett om utdanning og korleis det kan organiserast.

Fleire av gradsutdanningane er mogleg å bryte opp og ta med eigen progresjon, enten ved å starta med opptak til eit emne eller modul, eller følgje eit program på deltid. På program- og emnenivå blir det i tillegg gjort ei rekkje tilretteleggingar innan rammene programmet gjev, tilpassa både enkelte studentar og studentgrupper. Det er likevel ikkje denne totale breidda av studietilbod som blir vist fram i dette notatet. Her er det vektlegging av dei utdanningane der det er gjort organisatoriske grep for at folk uavhengig av livssituasjon lettare kan studera; deltidsutdanning, desentraliserte og nettbaserte studietilbod.

3.2 Fleksibel utdanning ved HVL

I denne saka blir det vist ein samla oversikt over HVL sine fleksible studietilbod som det er forventa skal gå studieåret 2022-23. Når ein arbeidet med tematikken livslang læring, er det mange omgrep i bruk. Både i HVL og i sektoren elles, treng meir felles forståing for ulike omgrep for at heile organisasjonen saman skal kunne ta eit kraftfullt grep om livslang læring i HVL. Å telje studietilbod som har ei fleksibel organisering gir ikkje eit fullgodt bilete av porteføljen av fleksibel utdanning i HVL. Fleksibel utdanning i HVL treng også ei kvalitativ tilnærming i tillegg til det som kan teljast.

Fleksibel utdanning er eit overordna omgrep og er meir enn nettbasert, desentralisert eller deltidsutdanning. I mange tilfelle er det snakk om kombinasjonar, heller enn reindyrking. Vurderingar ved utvikling av fleksible studietilbod er knytt til tidspunkt (dag, kveld, helg), oppstartstid (ordinær studiestart eller andre tidspunkt), stad (på eller utanfor campus, nettbasert), omfang (alt frå mikrokurs til mastergrad), arbeidsform eller korleis innhaldet blir presentert (forelesing, film, samarbeid, event mm), progresjon (fulltid eller deltid), vurderingsform (formell/uformell).

Fleksibilitet knyter seg til eigenarten ved ulike studieprogram, slik som breidda av valemne, progresjon, semesterorganisering med meir. Fleksibilitet knyter seg ikkje minst også til undervisningsorganisering. Den nasjonale *Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskoler, høyskoler og universiteter* s. 7⁷ definerer ein del omgrep. Desse definisjonane saman med definisjonar i Database for statistikk i høgare utdanning (DBH)⁸, ligg til grunn for HVL sitt arbeid med livslang læring og fleksibel utdanning.

Oversikten tar utgangspunkt i dei tre kategoriane for undervisningsorganisering som DBH legg til grunn i sine oversikter:

- 1) **undervisning gitt på institusjonen** er studietilbod der undervisninga går føre seg ved institusjonen sine ordinære undervisningslokaltetar, dvs. campusbasert undervisning. Omfattar også samlingsbaserte program der studentane kjem til campus for undervisning i bolkar; to eller fleire vekedagar, helgesamlingar etc. I denne saka er det i oversikten hovudsakleg teke med studieprogramma med **progresjon mindre enn 100 %** (samlingsbasert undervisning på campus, deltid).
- 2) **desentralisert undervisning** er studieprogram der studentane fysisk møter opp til undervisning ved lokasjon utanfor HVL sine eigne campusar. Det blir gitt vanleg klasseromsundervisning med lærar-/studentkontakt, gjerne gitt i bolkar, som vekesamlingar, helgesamlingar etc. Desentralisert undervisning omfattar ikkje program som representerer samarbeidsavtalar med andre universitet eller høgskular og der undervisninga er lagt til ein av deira campusar.
- 3) **nettbasert undervisning** kan vera heildigitale, eller i kombinasjon med regionale eller campusbaserte samlingar. Undervisningsforma er kjenneteikna av høg grad av fleksibilitet, der undervisninga i stor grad er organisert innanfor digitale læringsrom med kommunikasjon mellom student og lærestad (fulltid/deltid).

Alle studietilboda er strukturert og registrert etter desse kategoriane slik at det er mogleg å rapportere samanliknbare data til DBH og gi styringsinformasjon til leiinga. Kategoriane er skildrande, men gir samtidig rom for tolking, ulike forståingar og behov for supplerande informasjon. Med auka bruk av digitale- og nettbaserte læringsressursar i alle kategoriane kan skiljet mellom undervisning gitt på institusjonen, desentralisert og nettbasert undervisning bli uklart. Kategoriane får til dømes ikkje tydeleg fram dei organisatoriske grepa som er gjort ved etablering av samlingsbasert grunnskulelærarutdanning 1-7 (GLU 1-7), for å gjera den utdanninga meir fleksibel.

Kategoriseringa svarer ikkje nødvendigvis med søkjarar og omgjevnaden sine behov for meiningsfull informasjon om studieorganisering i marknadsføring og studentrekruttering. Derfor brukar HVL gjerne andre omgrep som når betre ut i kommunikasjonen. Eit døme er når det i forklaringa av nettbasert undervisning opnar for at nettbasert kan kombinerast med fysiske samlingar. Det kan ha store praktiske konsekvensar for ein student på eit nettbasert

⁷ Strategi for desentralisert og fleksibel utdanning ved fagskoler, høyskoler og universiteter <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/desentralisert-og-fleksibel-utdanning-ved-fagskoler-hoyskoler-og-universiteter/id2861368/>

⁸ Database for statistikk om høgere utdanning <https://dbh.hkdir.no/datainnhold/tabell-dokumentasjon/347>

studietilbod om det er samlingar på ein campus, eller om alt går føre seg på nett. Dette er informasjon som må komme tydeleg fram i salstekstar.

Bak i dette notatet er det ei ordliste med fleire omgrep som blir brukt når me snakkar om livslang læring i HVL. Nokre av desse omgrepa blir definert i forskrift om studium og eksamen ved HVL. Andre omgrep som er i bruk ved HVL, er ikkje forskriftsfesta. Lista er ikkje uttømande eller endeleg, men kan vera eit bidrag til diskusjon og auka felles forståing.

3.3 Fleircampusstruktur og campusutvikling i møte med utvikling av studiesenter

HVL si organisering med fem campusar geografisk spreidde over to fylke, i Vestland og i Rogaland, gir eit fortrinn i den politiske diskusjonen om fleksibel utdanning.

Fleircampusmodellen gir regionane lettare tilgang på arbeidslivsretta utdanningar på både bachelor-, master-, og ph.d.-nivå, inkludert etter- og vidareutdanning. Kwart år utdannar HVL omlag 4500 nye kandidatar til arbeidslivet, mange av desse får jobb på Vestlandet. HVL sine fem campusar bidrar på den måten sterkt til kompetanse for heile Vestlandet. Kjernen i campusutvikling er tett knytt til fagleg utvikling og kva studietilbod som finst ved dei ulike campusane. For å kunne tilby fagleg berekraftige studietilbod og finna varige løysingar som gir arbeidslivet og den enkelte tilgang på relevant kompetanse uavhengig av geografi og livssituasjon, treng me sterke fagmiljø. Det same gjeld for det overordna prosjektet med å byggja det nye universitetet, det er bruk for sterke fagmiljø på dei ulike campusane knytt til alle fagmiljø. I utdanningslandskapet nasjonalt bidrar over 70 campusar knytt til universitet og høgskular med kompetanse til heile landet.

Det er likevel fleire regionar som opplever at utdanningsinstitusjonen er langt borte, og dei har behov for å auka kompetansenivået i sin region. Ungdommar flyttar frå regionar for å ta høgare utdanning, og dei som blir igjen har ikkje tilgang på kompetanse lokalt. Det er sterke forventningar om både desentralisert og fleksibel utdanning i fleire område som i dag ikkje har tilbod om høgare utdanning lokalt. Dette utfordrar HVL som utdanningsinstitusjon, organiseringa vår og dei tilsette si arbeidsform som langt på veg svarar på etterspurnad etter desentralisert utdanning. Fagleg kapasitet og rekruttering av tilsette med etterspurt kompetanse, er ei stor utfordring for alle fakulteta for å kunne svare på forventningane i kompetansereforma. Me skal halda fram med å tilby breidda av forskingsbasert grunnutdanning på heiltid som samfunnet og arbeidslivet treng. Samtidig treng me styrka tilbodet av fleksible utdanningar som gjer det mogleg for folk å ta utdanning kombinert med arbeidsliv uavhengig av livssituasjon. Frå tid til anna seier me om oss sjølv at me har ein desentralisert campusmodell. Det kan opplevast problematisk sidan me signaliserer at noko er sentrum dersom noko anna er desentralisert. Ei anna problemstilling er kva forståing eksterne har av organiseringa vår. For lokalsamfunn som har fleire timar reiseveg til ein av campusane, er det rimeleg at dei opplever tilgang på kompetanse som geografisk langt vekke. Dette blir ytterlegare forsterka dersom ønska kompetanse blir tilbydt ved ein annan campus enn den næraste.


Regjeringa har våren 2022 lyst ut til saman 184 millionar kroner til to tilskotsordningar for å styrke tilgangen på fleksibel og desentralisert utdanning⁹ over heile landet. Av dette er 40 millionar kroner øymerka ei støtteordning for studiesenter, slik at dei kan gi fleire tilbod om å ta utdanning der folk bur. Studiesentera er lokalt og regionalt forankra, og kan leggja praktisk til rette for og skapa møteplass for dei som ynskjer å ta utdanning utanfor ein campus. Utdanningsinstitusjonane, enten som høgare yrkesfagleg skule, høgskule eller universitet, skal vera tilbydar av utdanningane. Denne ansvarsdelinga kan gjera sjølve utdanningsinstitusjonen utydeleg for studentane og krev av samarbeidspartane er tydelege i sin kommunikasjon. Grunnstamma i HVL sin utdanningsportefølje er og skal vera knytt til dei fem campusane. Ein viktig diskusjon framover blir korleis HVL balanserer utvikling av levande campusar med sterke fagmiljø for studentar og tilsette på campus på eine sida, og gjer nytte av infrastrukturen ved studiesentera. Samarbeid med studiesenter kan vera om desentralisert utdanning, men det kan også vera eit supplement knytt til både nettbasert- og campusbasert utdanning. Eit viktig moment i samarbeid med studiesenter kan vera å involvera regionale aktørar i utviklingsarbeid, informera om HVL som utdanningsaktør både generelt og enkelte studietilbod spesielt, og bidra til auka rekruttering. Desentralisert utdanning er for tida ynskt politikk, og det er forventa at styrking av tilgangen på fleksible og desentralisert utdanning er i tråd med fylkeskommunale kompetansebehov. Prioriterte fagområde er profesjonsutdanningar, teknologi, digitalisering og grønt skifte.

⁹ Tilskotsordningar for å styrke tilgangen på fleksibel og desentralisert utdanning
<https://hkdir.no/program-og/tilskotsordningar-for-aa-styrke-tilgangen-paa-fleksibel-og-desentralisert-utdanning>

4 HVL sitt samla tilbod av fleksible studium

4.1 Status våren 2022

Oversikten gjeld studietilbod som har planlagt undervisning på ein (eller fleire) av campusane på deltid, desentralisert utdanning eller nettbasert studieåret 2022-2023¹⁰. Fleire av studietilboda har kombinasjonar av ulike typar undervisningskategoriar. Her er både gradsutdanningar og etter- og vidareutdanning.




Figur 1 HVL-nivå – 2019-2022: Studieprogram (med aktive studentar) fordelt etter studieprogrammet si undervisningsorganisasjon (prosent)

Våren 2022 var over 50 % av studieprogramma ved HVL organisert med heiltidsundervisning på campus. Over ¼ av studieprogramma var deltidstilbod på campus. For perioden våren 2019 – våren 2022 er det nedgang i studieprogram på heiltid med undervisning på campus, og tilsvarande ein auke i nettbaserte studietilbod. Mellom 15 og 20 % studerer på deltid. Det er ein svak auke i studieprogram med desentralisert undervisning. Det er likevel berre ei lita


¹⁰ 68/21 - Det samla eigenfinansierte studietilbodet med opptaksrammer ved HVL for studieåret 2022/23 <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/hvl-uninett/Meetings/Details/535480?agendaltemid=208411>

studentgruppe som HVL treffer gjennom desentraliserte studietilbud. Sjølv om HVL har eit monaleg tal studietilbud som er organisert med deltid, desentralisert, nettbasert eller kombinasjonar av dette, har over halvparten av studieprogramma undervisning på heiltid på ein av campusane, og nærare 75 % av studentane er knytt til desse programma.




Figur 2 HVL-nivå våren 2022: tal studentar fordelt etter undervisningsorganisering

For alle fakultet våren 2022 er studieprogram med undervisning på institusjonen den mest brukte undervisningsorganiseringa. For FIN og FØS er flesteparten av studieprogramma på heiltid, mens både FHS og FLKI har eit rikt tal studieprogram som blir tilbudd på deltid.



Figur 3 Fakultetsnivå våren 2022: Tal studieprogram fordelt etter studieprogrammet si undervisningsorganisering

Når me ser på korleis studentane fordeler seg på studieprogramma finn me at hovudgruppa av studentar ved HVL er heiltidsstudentar. Våren 2022 er om lag 27 % av studentane ved FHS knytt til eit studieprogram som er på deltid, er nettbasert eller desentralisert. For FIN gjeld dette om lag 7 % av studentane, om lag 38 % av studentane ved FLKI og 32 % av studentane ved FØS.



Figur 4 Fakultetsnivå våren 2022: Studentar (prosentvis) fordelt etter undervisningsorganisering

Bak desse tala veit me likevel at bilete er noko meir nyansert. Som følge av pandemien er mange emne no meir eller mindre heildigitale sjølv om studieprogrammet er registrert som eit emne i eit studieprogram som har undervisningsorganisering på institusjonen.

4.2 Oversikt over fleksible studietilbod 2022-2023¹¹

Grunnutdanning - bachelorprogram

Hovuddelen av studentane ved HVL har opptak til ei grunnutdanning. Det vil i denne samanheng seie bachelorutdanning og i tillegg gjeld det integrerte masterprogram. Alle fire fakulteta tilbyr grunnutdanningar som har ei fleksibel organisering. Sjølv om det i dialog med aktørar i

¹¹ Oversikt over planlagte fleksible studietilbod ved HVL studieåret 2022-23 i uttrykt vedlegg til styresak [O-21/22 Livslang læring – fleksibel utdanning i HVL 2022-2023](#)

samfunnet og arbeidslivet blir etterspurt fleksible studiemodellar, har det likevel vist seg ved fleire høve vanskeleg å rekruttere tilfredsstillande studentgrunnlag.

FLKI har tre fleksible grunnutdanningar; samlingsbasert grunnskulelærerutdanning 1-7 (samlingsbasert på heiltid), barnehagelærerutdanning på deltid og arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU). Denne siste har desentraliserte samlingar. FØS har ei nettbasert bachelorutdanning i historie, og ei fleksibel og samlingsbasert organisering av bachelor i maritime management. Dette er ei skreddarsydd overgangsordning frå fagskule til bachelor. Den er samlingsbasert og er i samarbeid med UiT, USN og NTNU. På liknande vis planlegg FIN å tilby ei samlingsbasert og nettstøtta ingeniørutdanning på deltid med profilane elkraft og automasjon med robotikk for fagskuleingeniørar, og ein ingeniørutdanning som er tilpassa fagskulekandidatar innan maskin. FHS tilbyr vernepleie på deltid både ved campus Haugesund og campus Sogndal. I tillegg har fakultetet lang erfaring med å tilby desentralisert sjukepleie i tett samarbeid med ulike kommunar.

Masterprogram

Alle fire fakulteta tilbyr masterutdanningar med undervisning på ein eller fleire campusar på deltid. Ved FHS er det i dag 7 fleksible masterutdanningar. Alle har samlingar på ein eller fleire campusar. I tillegg til at det er mogleg å følgje masteren på deltid frå fleire av campusane kan studentar som berre ynskjer ein spisskompetanse eller eit emne følgje dette. FLKI har fire samlingsbaserte mastertilbod på deltid, og som alle blir tilbydt ved dei tre campusane dei har aktivitet i dag. Desse rekrutterer både nyutdanna og studentar som har vore i arbeid i kortare eller lengre periode. FIN tilbyr eit masterprogram på deltid i Haugesund, og eit anna ved campus Bergen. FØS tilbyr to masterprogram på deltid. Eitt av desse er i samarbeid med UiT, USN og NTNU og deler av utdanninga er lagt til desse institusjonane. Det andre studieprogrammet er på deltid og det varierer frå år til år med opptak ved campus Haugesund, campus Bergen og campus Førde.


Vidareutdanningar

Vidareutdanningar er i hovudsak kortare utdanningsløp. Dette er den store studieporteføljjen av fleksibelt organiserte studietilbod (undervisningsorganisering på campus med progresjon mindre enn 100 % som også blir kalla samlingsbasert på deltid, desentralisert utdanning og nettbasert utdanning) som rettar seg mot studentar som har behov for at utdanninga er organisert slik at det er mogleg å kombinera med arbeidsliv, familie og som gjerne er busett eit stykke vekk frå ein av campusane. For hausten 2022 er det planlagt opptak til over 155 ulike vidareutdanningar, emne og modular. I tillegg kjem opptak til ei lang rekke enkeltemne som har ledig kapasitet, og som ikkje er med i denne oversikten.

FLKI merkar seg ut med eit omfattande studietilbod for tilsette i barnehage og skule på oppdrag for utdanningsdirektoratet (Udir) knytt til nasjonale vidareutdanningsordningar. Noko av dette

tilbudet er knytt direkte til kvalifikasjonskrav ¹² for tilsette i skule og barnehage, men svarar også ut det breie formålet til barnehagen og skulen. Inkludert i dette tilbudet er leiarutdanningar for både barnehage- og skuleleiarar. Dei fleste av vidareutdanningane der Udir er oppdragsgjevar er sett saman av to emne a 15 studiepoeng. Og for nokre av tilboda er det mogleg å byggja på med ytterlegare fleire emne (til dømes matematikk for grunnskulelærer 5-10 for å byggja ut til ei årseining).

FHS har strukturert fleire av masterutdanningane med ulike vegar for opptak. I tillegg til å søkja opptak til sjølve masterprogrammet er det mogleg å søkje opptak til eitt og eitt emne, ei vidareutdanning eller påbygg til master (dersom ein har ei relevant vidareutdanning frå før). Dette gjer at den einskilde kan velje å ta kompetanseheving i eige tempo og omfang ut frå behov og føresetnader. Studietilbudet er i stor grad tilpassa studentane sine ulike behov.




Figur 5 Planlagt vidareutdanningstilbod ved HVL 2022-2023, sortert etter undervisningsorganisering

FIN og FØS rettar seg mot ein meir samansett marknad enn både FLKI og FHS. Arbeids- og samfunnslivet som FIN og FØS utdannar til er i større grad konjunkturutsatt, og har i mindre grad forskriftsfesta krav til utdanning for ulike yrkesgrupper. Det med forskriftsfesta krav til utdanning gjeld likevel for både maritim næring og yrker som krev sertifisering og jamlege oppdateringar.

¹² Forskrift til opplæringslova <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724>

Fleksibel utdanning i HVL fordelt på campus

Ved alle campus i HVL er det samlingar for fleksible studietilbod på ulike studienivå. Det er ikkje uventa flest studietilbod ved campus Bergen. For fleire av dei fleksibelt organiserte studietilboda, enten det er ei grunnutdanning, eit masterprogram eller ei vidareutdanning er det mogleg å delta frå fleire campus. Dette gjeld særleg studietilbod som FHS organiserer.



Figur 6 Planlagt fleksibel utdanning fordelt på campus og fakultet

5 Oppdragsgjevarar, finansieringskjelder og andre samarbeidspartnarar i arbeidet med å tilby fleksible studietilbod

HVL har som kjent ei rekkje samarbeidsavtalar knytt til både praksis og utdanningane generelt, og i forskning, utvikling og innovasjonsarbeid. Heilt overordna er kommunane/fylkeskommunane, helseføretaka, nettverk og klynger sentrale samarbeidspartar knytt til ulike deler av verksemda. I tillegg kjem ei rekkje enkeltverksemder, organisasjonar, direktorat, samarbeidsforum med meir. I denne saka har me fokus på samarbeidsaktørar, oppdragsgjevarar og finansieringskjelder som er særleg viktige med tanke på utvikling av livslang læring- porteføljen. Denne omtalen er ikkje uttømande, då dette er eit område i stadig utvikling.

Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) samarbeider med praksisfeltet, samfunns- og arbeidsliv både regionalt og nasjonalt på fleire område for å styrkja arbeidet med å tilby fleksible studietilbod. Samarbeidet omfattar faste møtepunkt med NAV Vestland, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Nasjonal og regional spesialisthelseteneste, kommunale helse- og sosialtenester i regionen, klyngesamarbeid, Helse- og velferdsdirektoratet (Hdir), Arbeids- og velferdsdirektoratet (AV-dir) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), nasjonale kompetansesenter som Nasjonalt kompetansesenter for legevaksmedisin (NKLM), Nasjonale kompetansetenester som Nasjonal kompetansetjeneste for vestibulære sykdommer (NKVS), samt meir ad-hoc prega samarbeid knytt til konkrete utlysingar og førespurnader frå til dømes HK-dir, interesseorganisasjonar, AOF Vestlandet og andre.

Fakultetet har teke i bruk ulike forretningsmodellar for å finansiere studietilboda. Både det erfaringsbaserte masterprogrammet i Familieterapi og relasjonelt arbeid og Sykepleie – kliniske spesialiteter ¹³ har ein spleiselagsmodell. Vidareutdanning i *Helse- og velferdsforvaltning* er bidragsfinansiert med midlar frå HK-dir og samarbeidspartarar. *Vestibulære sykdommer – svimmelhet* er eit betalingskurs. *Vurdering av barnets beste* er på oppdrag for Bufdir og *Tverrfaglig utdanning i psykososialt arbeid med barn og unge* er oppdrag for Hdir. Omfanget på studietilbodet er frå emne på 7,5 studiepoeng til mastergrader på 120 studiepoeng.

Fakultet for ingeniør og naturvitskap (FIN) har utstrekt samarbeid med klynger og næringsråd, delvis for å vera oppdatert på kva eksisterande og framtidig kompetansebehov samfunns- og arbeidsliv har, og delvis for å vera ein relevant tilbydar av studietilbod og fagleg påfyll.

Vidare samarbeider fakultetet med interesseorganisasjonar som Society of Petroleum engineers (SPE) og Norsk Geologisk Foreining (NGF). Gjennom det grøne skifte krev overgangen frå fossil til fornybar energi omskulering og kompetansepåfyll for mange ingeniørar og geologar.

¹³ Oversikt over føretak som vert fakturert til desse utdanningane viser at vi har studentar frå heile landet og Skandinavia. For studieåret 2021/2022 vert det fakturert til 55 føretak og omfattar ulike helseføretak frå Finnmarkssykehuset HF i nord til Odense Universitetshospital i sør, Kriminalomsorgsdirektoratet, kommunar, ulike stiftelsar mm.

Energiselskap og oljeselskap som t.d. Equinor og Fjordkraft har kontakta FIN for å senda egne tilsette på vidareutdanningskurs. Energiomstillinga skapar også eit breitt samarbeid med maritim sektor som Sjøfartsdirektoratet, reiarlag og verftsindustri. HVL tilbyr fleire emne innan hydrogenteknologi som har hatt stor oppslutning blant ei rekkje aktørar innan næringsliv, offentleg forvaltning og oljeselskap.

Datasikring og bruk av stordata får aukande behov innan mange verksemdar. HVL samarbeider med Universitetet i Bergen (UiB) og næringsråd om utvikling av etterutdanningskurs innan IT for næringsliv.

Fleire av dei nemnte kursa har fått oppstartstønad frå Vestland fylkeskommune, DIKU, Bransjeforeiningen for olje og gass. Dette gjeld kursa i hydrogen og IT for næringsliv. Fakultetet har også fått støtte frå HK-dir til å utvikla eit fleksibelt nett- og samlingsbasert ingeniørstudium for fagskulekandidatar som ynskjer å fullføre bachelorutdanninga.

Institusjonar som Norsk geologisk Undersøkelse (NGU), Norsk Geoteknisk institutt (NGI) samarbeider med fakultetet om forskning og utdanning. Ved campus Sogndal der det blir undervist i skred og sikring, tek ein sikte på å utvida kursaktiviteten innan geo-farar.

Design Thinking er eit anna populært vidareutdanningstilbod som HVL tilbyr saman med NHH og UIB. Design Thinking er ein tverrfagleg metodikk som fusjonerer fagområda design, teknologi og business.

Fakultet for lærarutdanning kultur og idrett (FLKI) samarbeider både på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå for å tilby relevante og fleksible utdanningstilbod. Fakultetet ser på deltaking og involvering i arbeid retta mot praksisfeltet vårt, som viktig for forståing av lærarprofesjonen både blant eige personale og for formidling til grunnutdanningsstudentar. Samskaping og samhandling mellom praksisfelt og FLKI gjev god tilgang til relevante problemstillingar knytt til utdanningsforskning og kunnskap om korleis samarbeidsaktørar jobbar med profesjonsutvikling og leiging av læringsarbeid.

Utdanningsdirektoratet er vår største oppdragsgjevar og for så vidt samarbeidspart for fleksible studieprogram ved FLKI. Finansieringa er i hovudsak knytt til nasjonale strategiar for lærarar i barnehage og grunnskule, men også til yrkesfaglærarar og skule- og barnehageleiarar. På fleire utdanningar samarbeidar me med andre institusjonar om gjennomføring, td. NLA, NTNU, OsloMet og USN.

Udir er også samarbeidspart og tildeler finansiering av arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU). HVL har lang erfaring i å tilby denne utdanning i regi av tidlegare både HISF og HSH. Hausten 2022 gjennomfører vi fire kull i Haugesund og på Gol. Bakgrunn for geografisk plassering av utdanningane er Udir si satsing på fleire barnehagelærarar i Viken og Rogaland fylkeskommune.

I ordninga «yrkesfaglærarløftet» tilbyr vi vidareutdanninga «Framtidas skule, kompetansar i det 21. århundre» (21 st Century Skills & Industri 4.0 for BA, EL og TIP). Studiet har samlingar som blir lagt til næringsklynger i områda Sunnhordland, Sogn/Nordfjord og Bergensområdet.

Studentane fordjupar seg 21.st Century Skills og Industri 4.0 og vert kjent med næringslivet sitt framtidige kompetansebehov.

Fakultetet deltek i samarbeidsforum Vestland, og har ei sentral rolle innan lokal kompetanseutvikling. Innan tilskotsordningane har fakultetet også utstrakt samarbeid med Statsforvaltarembeta i Viken og Rogaland. I desse tre fylka deltek FLKI i likeverdige partnerskap med 11 kompetanseregionar. Desse ordningane er lokale og kollektive kompetansetiltak og opnar for tettare samarbeid mellom HVL som lærarutdannar og praksisfeltet.

Innan fag og tematiske områder som ikkje er dekkja av dei store nasjonale kompetansestrategiane samarbeider FLKI med direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-Dir), Vestnorsk kulturakademi, Fagakademiet AOF og fleire kommunar. I denne kategorien «betalingskurs» har porteføljen hatt ein markant nedgang dei seinaste åra.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) har fleire regionale og nasjonale samarbeidspartnarar og oppdragsgivarar. Ein sentral oppdragsgivar er Forbundet for Ledelse og Teknikk (FLT) gjennom utdanningsselskapet Addisco¹⁴. Dei legg til rette for at om lag 300 medlemmer årleg får ta vidareutdanning ved HVL. Avtalen er at HVL tilbyr 5-7 emne à 15 studiepoeng kvart semester. Studentane har fram til no hatt høve til å gjennomføre ein sjølvvalt bachelorgrad¹⁵. Ein annan viktig samarbeidspartnar for FØS er Framo, som gjennom FramoAkademiet¹⁶ har vore ein viktig oppdragsgivar i nærare 20 år.

Fakultetet har eksternfinansiering til enkeltemne, årsstudium og integrert bachelorprogram gjennom HK-dir, MARKOM¹⁷-prosjekt og gjennom 3 ulike bransjeprogram; maritim sektor, reiselivsnæringa og elektro-, fornybar- og kraftnæringa, det er staten og partane i arbeidslivet som definerer kompetansebehov for at tilsette i sårbare næringar skal få kompetansepåfyll mens dei er i jobb¹⁸. Variasjonen er stor frå emne på 2,5 studiepoeng til 15 studiepoeng, og volumet er 20 – 50 studentar pr emne.

I 2022/2023 har Institutt for maritime studium ekstern finansiering til pilotering av ein *bachelorgrad i nautikk med integrert praksis* der samarbeidet med 10 ulike reiarlag er sentralt i tilbodet om praksis. Piloten vert gjennomført i HVL, men med utspring i eit samarbeid med UiT, NTNU og USN. Maritimt institutt gjer og kursoppdrag for Sjøfartsdirektoratet og Equinor. Ved Institutt for økonomi og administrasjon er det tre store prosjekt som utviklar og piloterer

¹⁴ Utdanningsselskapet Addisco AS <https://www.addisco.no/>

¹⁵ I forslag til revidert forskrift om studium og eksamen ved HVL vil dette (om det blir vedteke) ikkje lengre vere mogleg. Dersom HVL fjernar sjølvvalt bachelorgrad, må finne nye løysingar for å ivareta desse studentane.

¹⁶ FramoAkademiet: <https://www.framo.com/careers/framoakademiet/>

¹⁷ MARKOM2020 – Maritim Kompetanse mot 2020 <https://markom2020.no>

¹⁸ HK-dir forvaltar finansiering til 11 ulike bransjeprogram som er søknadsbaserte:

https://event.trippus.net/Home/Index/AEAKgIOXqDC65PLClOM-br5irR68A09N92Bm9eNbMCAj5xNHC_czn4sH_CZQTkdcfB3fVLvxCjFI/AEAKgINqxJv4MKwiEVCH_ZgN_Mc2g1BCxEfBvbBAuYueZj3MbSJSI7qVKMolmmNEeOPDJSuUuw9F/no

årsstudium. Det er Årsstudium i Digital markedsføring og kommunikasjon, Årsstudium i Havbruksøkonomi og havbruksleiing samt Årsstudium i Digital økonomi og leiing (økonomirådgiver). Emne som inngår i Årsstudium i Digital markedsføring og kommunikasjon, samt Årsstudium i Havbruksøkonomi og havbruksledelse blir tilbudt desentralisert i Ryfylke (Sauda, Sand, Hjelmeland, Tau). Årsstudium i Digital økonomi og leiing blir tilbudt desentralisert i samarbeid med NAV, kommunane Voss, Ulvik og Øygarden samt næringshagar i regionen. Eit anna stort prosjekt er Digital gjenvinning som er utvikla og pilotert saman med UiB, BIR, Avfall Norge og dataspelselskapet Turbo Tape Games. Prosjektet var ferdig pilotert våren 2022, og to av sju emne er lagt ut sal for hausten 2022. Emnet «Digitale penger for framtida» blei satt opp i samarbeid med Finansforbundet med fokus på den digitale økonomien og kryptovaluta.

Pilot I og pilot II av overgangsordninga Bachelor of maritime management, ein overgang mellom maritim fagskule og bachelor, har ein i samarbeid med UiT, NTNU og USN finansiering frå MARKOM2020/2021. Pilot I går frå 2019-2023 og pilot II frå 2021-2025. Det vert arbeida med å gjera programmet permanent, og at samarbeidet med dei tre andre institusjonane vert vidareført.

6 HVL sitt arbeid med å svare på forventningar i samfunnet og arbeidslivet knytt til livslang læring

Høgskulen på Vestlandet sitt fortrinn i den utdanningspolitiske debatten om livslang læring er sterke fagmiljø ved fire fakultet ved fem campusar. Når hovudtrekk i samla studieportefølje blir presenter i møte med samarbeidspartnarar er den imponerende, og arbeidet med å gi ein samla oversikt over porteføljen av fleksible studietilbod i sær er krevjande fordi tilbodet er så mangfaldig. Det sterkaste utviklingspotensialet ligg i eksisterande studieportefølje og den breidda i studieprogram og emne som alt finst. Studietilbod som i dag blir tilbydd ved ein eller nokre campusar, kan vera relevante for ei større målgruppe ved å gi tilbodet ved andre campusar eller med ei anna undervisningsorganisering. Eit alternativ er å sjå på organiseringa og korleis ein kan gjera dei meir tilgjengelege, enten det gjeld gradsgjevande utdanning, ei vidareutdanning eller modul med spesifikk og etterspurt kompetanse. Til dømes er fleire av mastertilboda i dag fleksibelt organisert med berre få samlingar på campus og nettbasering. Ved å vurdere samlingar lagt til fleire campusar, kan den fleksible organiseringa bli styrka.

Ved **Fakultet for helse- og sosialvitenskap** (FHS) ser ein behov for å tenkje nytt kring utdanning og utvikle fleksible studiemodellar og læringsmetodar for master- og vidareutdanningar. For å få til fleksible utdanningar må fagmiljøa legge opp studiemodellar som er meir opne, med emne som kan tas i ulik rekkefølge slik at det er enklare å kombinere utdanning med arbeidsliv. Dette er eit krevjande arbeid når mange av studieprogramma har nasjonale forskrifter.

Heiltidsstudium kan gjerast om til deltid; samlingsbasert og/eller nettbasert. Dette vil krevje ei omfordeling av studieplassar eller nye studieplassar, eller ein kan tenkje at enkelte deltidsutdanningar vert tilbydd mot betaling til personar i arbeid. Det siste avheng av om den nye eigenbetalingsforskrifta opnar opp for det. Endringane vil krevje fleire ressursar til undervisning og rettleiing og eit stykke administrativt arbeid for å søkje om *vesentlege endringar* i studieprogram frå fulltid til deltid.

Master i sosialvitenskap kan t.d. utviklast til ei deltidstudium. Utdanninga er i dag organisert i samlingar på heiltid og med nokre grep vil vi kunne tilby utdanninga på deltid.

I dialog med omgjevnader og fagmiljø vil FHS gjennomgå og utvikle valemne som kan inngå i ulike masterutdanningar, på tvers av studieprogram og fakultet. For at det skal vera eit reelt alternativ for studentar å kunne velje emne på tvers av studieprogram og fakultet, må fleire studieprogram leggje til rette for dette slik at emna kan innpassast. FHS vil etablere samarbeid med andre fakultet om utvikling av masteremne på tvers¹⁹. Slike enkeltemne vil og vere aktuelle som vidareutdanning for dei som etterspør den spesifikke kompetansen. Her ligg det moglegheiter knytt til gjenbruk av enkeltemne som betalingskurs for å auka ekstern inntening.

¹⁹ Som eit døme kan det vera emne innan Master i samhandling og folkehelse (FHS) som er interessante for studentar ved Master i innovasjon og ledelse (FØS) eller Master i praktisk utdanningsvitenskap (FLKI).

Ved **Fakultet for ingeniør og naturvitenskap (FIN)** har ein siste åra lagt vekt på å utvikle studietilbod som opnar opp for dei som vil studere i tillegg til at dei jobbar. Det har over tid vore utviklingsarbeid knytt til to fleksible bachelorutdanningar for fagskuleingeniørar innan elkraft og automasjon. Desse tilboda blir nett- og samlingsbasert på deltid og vart lyst ut fyrste gong for studieåret 2021-22. Det starta ikkje opp då grunna for få kvalifiserte søkjarar, men ein tek sikte på betre opptaksgrunnlag kommande studieår. Fleire av søkjarane mangla dei nødvendige realfaga for å kvalifisere til ingeniørutdanning, og som eit resultat av dette valde FIN å setje opp eit nett- og samlingsbasert realfagskurs på deltid hausten 2021.

På oppdrag for Kunnskapsdepartementet er det planlagt nytt opptak i 2022 til Stordmodellen for fagskuleingeniørar i maskinteknikk. Stordmodellen er eit utdanningsløp som tilbyr vidareutdanning for fagarbeidarar til ingeniør, via teknisk fagskuleutdanning, parallelt med at dei er i arbeid. Kvar tredje veke møter studentane til undervisning på Stord, dei resterande vekene er dei i full jobb. Etter å ha gjennomført 2 år ved fagskulen via denne modellen, kan dei gå vidare med ei skreddarsydd 2-årig ingeniørutdanning, der dei får fritak for 60 studiepoeng basert på fag dei har tatt ved fagskulen. Etter ynskje frå industrien er studia lagt opp med full studieprogresjon. For studentar som følgjer denne utdanningsmodellen er det difor ein føresetnad at bedrifta dei jobbar ved legg til rette for at dei kan få gjennomført utdanninga parallelt med jobb, blant anna ved å gi dei fri til å følgje undervisning kvar tredje veke.

FIN deltek aktivt ute i industri og næringsliv for å spegla endringar og samfunnsbehov for kompetanseoppgradering. Dette gjeld aktiv deltaking i ei rekkje fag-klyngar, næringsråd og på konferansar. Det er gjort brukarundersøkingar i Bergen næringsråd for å samla informasjon om verksemdene sitt behov for datakompetanse, noko som er følgt opp med nye IT-kurs. Tett samarbeid med olje- og energibransjen har ført til nye kurs innan fornybar energi og hydrogenteknologi. Tilsvarende er det sett opp ei rekkje nye emne innan bygg og anlegg som til dømes arealforvaltning, eigedomsforvaltning og ansvarleg søkjar og vegplanlegging.

Andre fagfelt er undervisningstilbod etter kontakt med verksemdar er dykkarutdanning og geofarar (ras, flaum, kvikkleire, tsunami med meir).

For å møte ingeniørar og fagfolk med etterutdanningstilbod er fleksibiliteten eit nøkkelord. Det tyder undervisning utanom normal arbeidstid, eller i seminar, digital undervisning og ein kombinasjon av desse. Å setja opp nye vidareutdanningar vil alltid innebere ein risiko, med omsyn til finansiering og dekking av lærarkostnader. På den andre sida kan ekstern finansiering bidra til å fylle opp stillingar for lærarar ein ikkje har full dekning for.

Det er krevst eit systematisk og kontinuerleg arbeid å fanga opp behovet for kompetansepåfyll i samfunnet, utarbeida kurs som treff behova, og å profilera tilboda til eit breitt publikum. Denne prosessen kan krevje ein vilje til å investera i tid og lærarressursar, for å skapa nye EVU-tilbod som møter intensjonen om livslang læring. FIN sine ulike vidareutdanningsprosjekt som er nemnt over, har alle gitt god avkastning frå slike investeringar.

Studieåret 2022-23 startar **Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)** opp ei samlingsbasert grunnskulelærarutdanning for trinn 1-7, slik at ein når studentar som elles ikkje kan ta ei heilt campusbasert utdanning. Då søknadsfristen gjekk ut 20.april var det gledeleg at det var rimeleg god søknad til denne utdanninga.

I den eigenfinansierte studieporteføljen ved FLKI har det sidan 2019 vore ei sterk merksemd på å endre masterporteføljen. Bakgrunnen ligg i at grunnskulelærerutdanningane får sine første kandidatar i dei femårige utdanningane i 2022, og det startar opp ei ny lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1-13 hausten 2022. Fakultetet har brukt desse åra på å dreie masterporteføljen utan kandidatmåltal til å vere fleksible deltidsutdanningar som særleg rettar seg mot folk som er i arbeid. Utdanningane er nett- og samlingsbaserte og er i utgangspunktet 50 % deltidsstudium med høve til å fullføre raskare. Dette kan både skje gjennom godkjenning av tidlegare vidareutdanning og gjennom å ta fleire emne. Fakultetet har også sett i gong ei samlingsbasert grunnskulelærerutdanning for 1.-7. trinn som er retta mot studentar som allereie er etablert og som ikkje har høve til å ta campusstudium på fulltid.

HVL er ein av seks lærarutdanningar nasjonalt som på oppdrag for Kunnskapsdepartementet (KD) tilbyr ei fleksibelt og tilrettelagt utdanningsløp for dei som har påbegynt grunnskulelærerutdanning eller allmennlærerutdanninga før 2017, utan å fullføre²⁰. Denne ordninga vil halde fram til 2025.

Inneverande studieår tilbyr FLKI nærmare 50 vidareutdanningar innan dei nasjonale satsingane «kompetanse for kvalitet», «kompetanse for framtidens barnehage», «yrkesfaglærarløftet» og «vidareutdanning for leiarar». Utvikling og gjennomføring av studia er finansiert gjennom utdanningsdirektoratet. Omlag 25% av utdanningane er reine nettstudium. Fakultetet har utarbeid ein rulleringsplan der dei samlingsbaserte studia kan rullere mellom studiestadane Sogndal, Bergen og Stord. Studiestad for Rektorutdanninga har, etter avtale med Udir, dei siste åra rullert mellom Ålesund, Bergen og Haugesund. Vidareutdanningsmodul for leiarar i barnehage og skule har i år studiestad Ålesund, medan den neste studieår vert gjennomført i Trondheim.

Fakultetet har lang erfaring med å tilby samlingsbasert praktisk pedagogisk utdanning som kvalifiserer lærarar til både allmennfaglege og yrkesfaglege studieretningar. Den fleksible organiseringa av studietilbodet har jamt over bidratt til god rekruttering.

Eit offentleg utval oppnemnt av Kunnskapsdepartementet²¹ held på med eit arbeid med å vurdere framtidens etter- og vidareutdanning for lærarar og andre tilsette i barnehagar og skular. Målet er best mogeleg kompetanse for å fremje utvikling, læring og danning hos barn og elevar. Utvalet består av fagekspertar og representantar frå sentrale partar i barnehage- og skulesektoren, og HVL er representert i utvalet. Inkludert i utvalet sitt arbeid er vurdering av finansiering av denne delen av kompetanseutviklinga. Tilrådingane frå utvalet vil truleg påverke rammene fakultetet har for å tilby etter- og vidareutdanning. Rapport frå utvalet skal overleverast Kunnskapsdepartementet 1. oktober 2022.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap har dei siste åra deltatt i ei rekke utlyste konkurransar frå HK-dir/DIKU/Kompetanse Norge som har vore retta mot fleksible utdanningstilbod. Fakultetet har som følgje av ein stram økonomi hatt avgrensa handlingsrom for å utvide porteføljen av vidareutdanningar og andre fleksibelt organiserte utdanningstilbod

²⁰ Fullføring av påbegynt lærarutdanning <https://www.hvl.no/studier/studieprogram/fullforing-av-pabegynt-larerutdanning-5-10/>

²¹ Offentleg utval <https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/regjeringen-solberg/aktuelt-regjeringen-solberg/kd/pressemeldinger/2021/offentleg-utval-skal-vurdere-framtidas-etter-og-vidareutdanning/id2870151/>

finansiert over eiga ramme. Høg aktivitet i eksisterande studieprogram er ein føresetnad for ambisjonar og satsinga på nye mastertilbod (eks siviløkonom) og phd tilbod (RESINNREG). Studietilbod som blir finansiert gjennom ordinær ramme er nettbasert bachelor i historie og bachelor i økonomi og administrasjon deltid. Bachelor i økonomi og administrasjon er godt eigna for vidareutvikling til samlingsbasert eller nettbasert tilbod, og kan også vera eigna som desentralisert modulaktivitet i fleire av HVL sine nærregionar. Bachelor i maritim leiing, som er en overgangsbachelor for kandidatar med fagskuleutdanning, er fleksibelt innretta gjennom samlingar både ved HVL og dei andre samarbeidspartnarane NTNU, USN og UiT.

Fakultetet har sett i gong eit prosjektet om porteføljeutvikling for livslang læring der ein ser på gjennomgåande studieløp på minimum bachelornivå og styrking av etter- og vidareutdanning på masternivå basert på eksisterande portefølje og vil på sikt vurdere erfaringsbasert mastergrad. Vidare ser ein på moglegheit for å auke rekruttering til ulike studium ved å sikre attraktivitet for eksisterande og nye oppdragsgivarar. Eit siste tiltak er å auke gjennomstrøyminga og minske fråfallet ved å leggje til rette utvalde studietilbod med parallelle løp for deltidsstudium eller fleksible studietilbod.

6.1 Tverrfakultære studietilbod for framtida

HVL sine fagmiljø er organisert i fakultet og institutt av praktiske omsyn. Kandidatane blir tilsett i ulike profesjonar og yrker i ulike sider av samfunns- og arbeidsliv. Samfunnet og arbeidslivet er tverrfagleg frå HVL sitt perspektiv. Å snakke om tverrfaglege og tverrfakultære satsingar avspeglar eigentleg eit utfordring med utgangspunkt i korleis både HVL og andre utdanningsinstitusjonar er organisert.

Oversikten over fleksible studietilbod i HVL viser at det er få tverrfakultære tilbod. På nokre område bidrar fagressursar frå eit fakultet i studietilbod ved eit anna fakultet på timebasis. På nokre få område er det meir inngåande samarbeid. Innan e-helse er det samarbeid mellom FIN og FHS, når det gjeld folkehelse er det samarbeid mellom FHS og FLKI, og for bransjeprogrammet knytt til Hydrogenteknologi er det samarbeid mellom FIN og FØS.

HVL har eit stort potensial når det gjeld å utvikla tverrfakultære prosjekt og studietilbod som kan svare ut behov i arbeidsliv som går på tvers av organiseringa i vår eigen institusjon.

Endringstakten i helse- og sosialsektoren er i likskap med resten av samfunnet høg og utviklinga krev smarte løysingar for å utvikle ei berekraftig teneste. I tida framover må fagmiljøa arbeide meir tverrfagleg for å løyse helse- og sosialfaglege utfordringar, og HVL må difor i større grad tilby studium som gir kompetanse på tvers av fakulteta. Døme er helseøkonomi, helseleiing, tenesteinnovasjon, entreprenørskap, helsepedagogikk, idrett og folkehelse. Dette stiller også andre forventningar til kven FHS skal og bør samarbeide med innan fleksible utdanningar. Private aktørar og internasjonale kompetansmiljø innan helse- og sosialtenester er også potensielle samarbeidspartar i tida framover.

7 Rammer for framtidig vekst innan livslang læring

7.1 Forskrift, finansiering og retningslinjer

Inneverande studieår har *Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet*²² (opptaksforskrifta) og *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet*²³ (studieforskrifta) blitt revidert. Forskriftene er heilt sentrale rammer for i kva grad høgskulen greier å svare både på kompetansebehov i arbeidslivet, og den enkelte sitt behov for livslang læring uavhengig av livssituasjon og kor ein bur. Omstillingar i arbeidslivet og dei politiske føringane har sterke forventningar knytt til etter- og vidareutdanning, overgangsordningar mellom utdanningsnivå og fleksible studieløp. Høgskulen sitt behov for å tilpassa seg omgjevnadane har fått ytterlegare relevans i ein situasjon med flyktningstraum frå eit krigsherja Ukraina.

Finansiering av fleksibel utdanning og etter- og vidareutdanning har i fleire år blitt diskutert både internt i HVL og i Universitets- og høgskulerådet (UHR). Endring av korleis ulike studieprogram blir organisert er ressurskrevjande og kan ha behov for friske ressursar enten i form av studieplassar eller studieavgift.

Eit utval sett ned av Kunnskapsdepartementet har vurdert heilskapen i den statlege finansieringa (finansieringsutvalet)²⁴. Dei har blant anna hatt som oppgåve å vurdere om dagens finansiering er godt nok tilpassa ynskje om fleire fleksible tilbod ein kan ta som etter- eller vidareutdanning og i kombinasjon med jobb. Mellom forslaga i rapporten er å forenkle indikatorar, inkludert kandidatindikatoren for å gjere det meir attraktivt å tilby kortare vidareutdanningskurs. Vidare blir det føreslått nye midlar til fleksible utdanningar finansier over ordinære rammeløyvingar. Dette forslaget svarar godt ut på behov for føreseieleg finansiering av fleksibel utdanning, noko HVL ved fleire høve har meldt inn til myndigheita. Dette kan samtidig sjåast i samanheng med behov for finansiering av fleircampusorganiseringa.

I kjølvatnet av Marcussenutvalet sitt arbeid med NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling — Livslang læring for omstilling og konkurransevne*²⁵ starta arbeidet med å revidere eigenbetalingsforskrifta, og første utkastet kom på høyring våren 2021²⁶. Føremålet var å stimulera til større omfang av fleksible utdanningar, og gjera det enklare å finansiere livslang

²² Forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-01-31-446>

²³ Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-05-09-1000>

²⁴ Finansieringsutvalget (17.03.2022) Finansiering av universiteter og høyskoler <https://www.regjeringen.no/contentassets/6c4c7be66d5c4a028d86686d701a3a96/f-4475-finansiering-av-universiteter-og-hoyskoler.pdf>

²⁵ NOU 2019: 12 Lærekraftig utvikling — Livslang læring for omstilling og konkurransevne <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-12/id2653116/>

²⁶ Forskrift om endring i forskrift om egenbetaling ved universiteter og høyskoler <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2021-09-17-2805?q=forskrift%20egenbetaling>

læring via studentbetaling som eitt verkemiddel. To viktige avgrensingar som ligg til grunn for ny eigenbetalingsforskrift er tilhøve til «gratisprinsippet» for utdanning og EØS (EU) sitt statsstøtteregelverk. Forskrifta vil truleg slå fast at styret skal fastsetja retningslinjer for godkjenning og fastsetjing av eigenbetaling. Ei slik retningslinje for korleis HVL skal tolke og praktisere forskrifta, både reint praktisk og strategisk, vil kunne utgjere politikk som gir retning for både faglege og regionale prioriteringar. Aktuelle spørsmål er om HVL skal ta betalt det same for alle studietilbod uavhengig av fagområde og region, eller om det opnar opp for å gjera ulike vurderingar både mellom fagområde og mellom campusar og regionar.

7.2 Intern organisering

Oppfølging av prosjekt livslang læring i HVL

Livslang læring i HVL er eit felles satsingsområde på tvers av fakultet og fellesadministrasjon. Felles forståing og tidleg involvering på tvers av organisatoriske einingar er avgjerande for å styrkja HVL sin posisjon og identitet knytt til livslang læring. Styret fekk lagt fram rapport for prosjekt livslang læring i HVL på styremøte i mars 2021, og handsama oppfølgings sak med etablering av avdeling for samfunnskontakt – arbeidsliv og livslang læring på styremøte i juni 2021 på bakgrunn av oppfølgingspunkta etter prosjekt livslang læring:

- Etablering av ny avdeling
- Styrka rekrutteringsarbeidet – strategisk marknadsfokus
- Etablere føremålstenleg teamstruktur – styrka forankring og involvering
- Livslang læring må vera styringsprinsipp for alle deler av organisasjonen – i fagutvikling og administrasjon
- Digital innmeldingsportal – oversikt over behov
- Oppfølging av alle studentar – «ordinær» campusstudent og andre studentar

Heile HVL-organisasjonen arbeider med oppfølgingspunkta. Ny avdeling vart oppretta 1.9.2021 og fekk tilsett avdelingsleiar i november. Ved inngangen til 2022 var det på plass fagansvarleg for livslang læring i HVL som er ein koordinerande funksjon på tvers av fakultet og administrative einingar. Det er tilsett marknadsrådgjevar for å styrkje rekruttering av studentar knytt til ulike bransjar og næringar. Over sommaren blir det etablert forum eller teamstruktur som vil involvere ulike einingar.

Livslang læring er etterspurt styringsprinsipp i rektor sitt føringsbrev til toppleiarane, og ligg til grunn for planlegging av framtidig studieportefølje. Spørsmål knytt til livslang læring er på dagsordenen på møtearena for fakulteta og for fellesadministrasjonen.

Rekruttering

Det er ressurskrevjande å utvikla og leggja til rette for fleksible studietilbod. Ressursane som går med til dette står ikkje alltid i høve til rekrutteringsgrunnlaget til desse studietilboda. Tilboda ved HVL har i utgangspunktet eit nasjonalt rekrutteringsgrunnlag, men i mange høve rettar me

oss i hovudsak til ei regional og til dels også eit lokal målgruppe. Aktørar som etterspør fleksible studietilbod er i varierende grad i posisjon til å motivere potensielle søkjarar til desse studietilboda. Rekrutteringsarbeidet er så mykje meir enn kampanjar og nettsider. HVL intensiverer sal- og marknadsarbeidet, og hausten 2022 startar nytilsett marknadsrådgjevar med fokus på fleksibel utdanning.

Rammer for livslang læring

HVL er ein ung organisasjon og me treng arbeide langs fleire linjer med merkevarebygging slik at HVL er den føretrekte samarbeidspartnaren for læring gjennom livet. Dette utfordrar tradisjonelt tankesett og arbeidsdeling både i og mellom ulike einingar. Til dømes utfordrar etterspurnaden etter korte kurs eller micro credentials (mindre enn fem studiepoeng) når HVL i forskrift ²⁷ definerer at eit emne som hovudregel ikkje skal ha mindre enn fem studiepoeng. Eit anna utfordring er om det er mogleg å tenkja nytt om studentopptak. I dag får studentane opptak til eit spesifikt studieprogram eller emne, men kan me tenkja oss i framtida å gje ein «uspesifisert» studierett for eit eller fleire år, gjerne løpande gjennom heile året, og så kan studenten velje emne frå ein «livslang læringsportefølje»? Marknadsføring og studentrekruttering er eit anna tilbakevendande spørsmål. Forteljinga om HVL som den føretrekte samarbeidspartnar handlar om mykje meir enn straumlinjeforma nettsider og kampanjar retta mot ei spesiell målgruppe. Det finst fleire døme på korleis me kan tenkja nytt for å nå lengre ut, men fellesnemnar er at HVL har fleire utviklingsområde som i stor grad peikar inn i vår eigen organisasjon. Eit viktig prinsipp med livslang læring er at me ikkje lagar blindvegar, men at studentane kan byggja kompetansen og at dei som ynskjer det kan setja ulike emne og kurs saman til større utdanning eller grad. I denne samanheng vil det vera nødvendig å vurdere kva rolle HVL skal ha i å utvikle og tilby micro credentials.

Samtidig finst det ytre faktorar og barrierar som me ikkje direkte rår over sjølve, men som me kan påverke. Det handlar som nemnt om lov og forskrift, og om økonomi. Vidare handlar det om arbeidsverktøy som til dømes felles studentsystem (FS). Og det handlar om nasjonale rapporteringskrav og fristar som ikkje samsvarer med forventningar om fleksibilitet og saumlause løysingar. Dette er til dels er tungvindt og mangelfullt, og det kan vera nødvendig å jobba i nasjonale nettverk og fora for å få på plass meir framtidsretta og smidige system.

Høgskulen på Vestlandet har ein betydeleg portefølje med tanke på livslang læring. Samtidig er livslang læring- oppgåvene både for heile HVL-organisasjonen og resten av utdanningssektoren, store framover. Ingen skal måtte oppleve at dei går ut på dato på grunn av manglande kompetanse. Det krev at me utfordrar eige tankesett om utdanning; både når det gjeld tid, stad), omfang, arbeidsform eller korleis innhaldet blir presentert, progresjon, vurderingsform.

Godt internt samarbeid ligg til grunn for at HVL kan klare å tilby studentar og oppdragsgjevarar ei smidig kundereise. Eit siktemål er å involvere kvarandre på tvers av einingar så tidleg som mogleg, slik at ansvarlege for ulike arbeidsoppgåver får planleggja sin del av arbeidet.

²⁷ Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-12-21-1851>

Innsatsen med livslang læring knyter seg både til nye måtar å organisere undervisninga på, endra arbeidsdeling mellom ulike partar både internt i HVL og i samspel med eksterne, finansiering og ikkje minst faginnhaldet. For å hauste av erfaringane me gjer oss i denne nyskapinga, vil det vera behov for å forske på og evaluere ulike tiltak og grep som blir gjort. Slik kan me utvikle ny kunnskap som kan gi retning på utviklinga av både vår eigen organisasjon og utdanningssektoren elles.

8 Ordliste – livslang læring

Fleire omgrep er nytta i HVL i arbeidet med livslang læring. Noko er definert i *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet* ²⁸ § 1-2. Andre er ikkje definert der, men blir nytta både i intern samhandling og kommunisert eksternt i rekrutteringsarbeidet:

Betalingsstudium: er når høgskulen krev eigenbetaling eller studieavgift frå studentar, jf. forskrift om egenbetaling ved universiteter og høyskoler § 3-2.

Emne: er den minste eininga som gir utteljing i form av studiepoeng, og som kan gå inn i eit emneplan. Emne skal som hovudregel ikkje ha mindre omfang enn fem studiepoeng.

Enkeltemne: emne som inngår som del av eit heilt studieprogram, men som har ledig kapasitet. Studentane med opptak til enkeltemne følgjer undervisninga til eit kull/ein klasse.

Etterutdanning eller kurs: er ny kompetanse på universitets- og høgskulenivå, som ikkje gir studiepoeng og ikkje inneheld eksamen eller anna vurdering.

Hybrid undervisning kan forståast som undervisning i sanntid og studentane møter til same undervisningsøkt på ulike måtar. Det kan vera at nokre deltar frå undervisningsrom (på campus eller desentralisert) medan andre deltar via nett eller frå eit anna undervisningsrom.

Micro-credentials ²⁹ eller minikvalifikasjon: eit konsept i støypeskeia i norsk utdanningssektor med korte kurs eller modular. Som omgrep er det lite brukt i HVL. I diskusjonar rundt dette omgrepet er det i hovudsak to tilnærmingar; det eine er å tette gap eller manglar i eksisterande utdanning, det andre er at summen av fleire minikvalifikasjonar kan utløyse eit emne eller studieprogram. Rekkefølge og tidsbruk er ikkje definert på førehand slik høgare utdanning tradisjonelt er.

Modul: omgrep som blir nytta parallelt med emne og kurs. Eit emne kan ha fleire modular, eller modul kan ha fleire emne som har same tema. Fleire modular inngår saman i eit program.

MOOC: massive open online course. Nettbasert asynkron utdanning som legg til rette for at studentane kan følgja eigen progresjon uavhengig av tid og stad, og kan setja seg inn i undervisningsmateriellet som er digitalt, når det passar best for studentane. Studentane kan i nokre høve få tilbod om å delta i gruppearbeid eller få munnleg rettleiing i sanntid.

Oppdragsfinansierte studium og emne: vert gjennomført mot vederlag betalt av ein eller fleire oppdragsgjevarar.

Samlingsbasert utdanning: undervisning på campus eller desentralisert lokasjon utanfor HVL sine campusar. Undervisninga blir gitt i bolkar over to eller fleire vekedagar eller helg.

²⁸ Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-05-09-1000>

²⁹ <https://education.ec.europa.eu/education-levels/higher-education/micro-credentials>

Studieprogram: er ei samling emne på 30 studiepoeng eller meir med eit samla læringsutbytte som er fastsett i studieplan, som søkjarar kan få opptak og studierett til, og som fører fram til ei fullført utdanning, grad eller yrkesutdanning.

Vidareutdanning: er studiepoenggjevande ny formell kompetanse på universitets- og høgskulenivå som til vanleg byggjer på ei fullført grunnutdanning. Dette kan vere både spesielt tilrettelagte enkeltemne eller studieprogram på lågare eller høgare grads nivå.